



Møtereferat

Dato: 24.04.2015

Emne:	Referat frå Regionalt planforum 23.04.14 Samfunnsplan Askøy kommune	
Til stades:	Askøy kommune: Siv Høgtun, Knut Natlandsmyr, Eva Herdlevær, Jens Harald Garden, Tina Lund, Synne Guldborg Fylkesmannen: Brooke Wilkerson, Grete Riise, Torgeir Flo HFK: Inger Lena Gåsemyr (Fylkeskonservatoren), Kjetil Sigvaldsen (samferdsel), Marit Rødseth (plan), Anne-Kathrine Vabø (plan)	
Forfall:		Sak: 2014/13624-62
Møtetid:	23.04.15 kl 12.00 – 14.00	Møtestad: «Forskjønnelsen», Wigandgården, HFK

Møteleiar: Marit Rødseth

Referent: Anne-Kathrine Vabø

Plansjef Marit Rødseth ønske velkomen.

Siv Høgtun, ordførar Askøy kommune

Glad for å få drøfta planen på regionalt nivå, Askøy er ei viktig kommune i Bergensområdet. Kommunen er i stor vekst, dette gir både utfordringar og moglegheitar. Samfunnsplanen er på høyring no, med frist 15. mai. Planen skal brukast. Kommunestyret skrytte av administrasjonen da dei la planen ut på høyring. Det har vore gjennomført eit stort og imponerande medverknadsarbeid.

Syning av film som presenterte utfordringar for Askøysamfunnet og samfunnsplanen frå dei unge sitt perspektiv.

Presentasjon av samfunnsplanen, Synne Guldborg, Askøy kommune

Viktige utviklingstrekk:

- Befolkningsvekst
- Tilflytting
- Ung befolkning
- Einsidig bustadstruktur
- Utpendling
- Handelslekkasje

Planen skal møte desse utfordringane og samstundes ta vare på Askøy sine særpreg.

Medverknad:

- Prosess/arbeidsmøter
 - Involvering av kommunens tilsette
 - Involvering av lag og organisasjonar
 - Har bringa saman ulike grupper
 - Kunstutstilling med barnehagebarn
 - Vaffelvogn til der folk oppheld seg, Fromreide, Ravnanger, Ask, Follesø, Kleppestø.
- Tilbakemeldingar på innspelskjema

Planen har tatt opp i seg innspela frå befolkninga.

Satsingsområde:

- Den helsefremmende øyen
- Den levende øyen
- Den grønne øyen
- Den unge øyen
- Den skapende øyen

Innspel

- Veldig godt strukturert plan, lett tilgjengeleg, blir glad av å lese den
- Flott med oppbygginga hovudmål – delmål - strategiar
- Korleis er strategiane tenkt følgt opp? Strategiane er ofte veldig overordna, dette krev mykje av eit handlingsprogram. Skilje mellom det som samfunnsplanen avsluttar og det samfunnsplanen startar. Kva andre planar/tiltak skal sette strategiane ut i handling? Kan verktøy presenterast?
- Flott med aktiv ordbruk, offensivt språk!
- Imponerende medverknadsarbeid
- Saknar oppfølging når det gjeld sosial utjamning, spesielt barn. Finn ikkje dette igjen under strategiar.
- Busetting av flyktingar, ikkje gjere det til eit fattigdomsspørsmål.
- Askøy kommune har ein gamal kulturminneplan, viktig med plan for kulturminne som er lokalt forankra. Kommunen fått 100 000 til å jobbe vidare med planen i forhold til nytt planverktøy og medverknad.

Kap. Utviklingstrekk

- Spørsmål om kvifor folketalsframskriving alternativ høg er lagt til grunn. Svar: Alle prognosar lagt til grunn tidlegare har litt sprengt. Vil ta høgde for veksten.
- Under «Transport og infrastruktur» ta med reisemiddelfordeling og regionalt/nasjonalt mål om nullvekst i privatbilismen.
- Eige punkt om handel.

Kap. Den helsefremmende øyen

- Veldig god folkehelseplan som er høgt forankra og tek folkehelse på alvor.
- Saknar omtale av helsetilstand, evt tilvising til oversiktsdokument. Teksten no kunne ha vore skrevet om alle kommunar, men kva er spesielt for Askøy?
- Saknar fokus på kulturminne – som helseførebyggjande arbeid, knyte alle generasjonar saman
- Beredskap – kva er hovudutfordring for Askøy?

Kap. Den levende øyen

- Senterstruktur er viktig for effektiv drift av kollektivtransport, fokus på hovudliner og utbygging i tilknytning til desse.
- Sjå på dei to siste delmåla, dei fleste strategiane handlar om attraktive lokalsenter. Trong for fleire strategiar knytt til bærekraftig utbyggingsmønster.
- Regionsenteret må styrkast med bustader, kontorarbeidsplassar, handel, kultur og tenester.
- Kan ikkje både bygge ut bygder og styrke sentre. Lokalsentre kan styrke bygdene rundt. Bygdene skal få leve, men synleggjere at veksten må komme i sentre.

Kap. Den grønne øyen

- Få med i planen at det skal lagast sykkelstrategi for søre del av Askøy.
- Trong for sykkelvegar ikkje berre langs hovudvegane. Fokus både på transportsyklisten og sykling som trivselsskapande.
- Nemne Askøypakken?
- Få frem viktigheita av trygge og gode vegar for barn til både skule og fritidsaktivitetar. Under delmål om «aktiv og stimulerende hverdag» bør det ver strategi om kvardagsbevegelse.
- Kva med barnetråkk?

Kap. Den skapende øyen

- Saknar strategiar når det gjeld lokalisering og dimensjonering av handel.
- Flott med strategi om skule og næringsliv saman om «fracfallsproblematikk».
- Burde hatt hotell på Askøy, men bør kanskje elles prioritere noko anna enn reiseliv
- På s. 26, endre til aktivt språk: dersom -> når!

Arealstrategien

- Kva er «utvalte områder» - bør konkretiserast, kor skal veksten kome?
- Bustadbygging må lokaliseras i høve senterstruktur (hovudvekt på regionsenter) og langs hovudnettet for kollektivtrafikk (fortrinnsvis kollektivknutepunkt).
- Burde være strategi om betre handelsbalanse og lokalisering og dimensjonering av handel
- Sjå utbygging og infrastruktur i samanheng - utbygging i forhold til prioriteringar i vegsystemet, kollektivtransport og sosial infrastruktur
- Positivt med strategi om at utbyggingsmønsteret skal styrke senterstrukturen, og at senterstrukturinndelinga følgjer den regionale «senterplanen».
- Burde vere eit eige punkt om regionsenteret/kommunesenteret, med strategiar for korleis senteret skal styrkast.
- Lokalsentre – handel og service av lokal karakter
- Vere med i kulturminneprosjekt, då vert verdiar synleggjort. Viktig i høve vekstområde.
- Ved bygging av nye bustader – sikre trygg og kort skuleveg
- Barnehagar må ikkje lokaliseras ved arbeidsplassar og hovudvegnett, men der folk bur. Da kan transport til og frå skje med sykkel og gange, og barnehagen kan fungere som lekeplass og møteplass for nærmiljøet. Barnehagen som nærmiljøarena.
- Bør vere strategi om balanse i «skulekretsar», når det gjeld skuler og barnehager.
- Kva betyr trase for framtidig hovudvegnett? Er dette ny trase?

Ordførar takka for innspel!